

Referat møte i SU 10.09.25

kl 17.00- 18.00 på Kleppelunden skule

Tilstades :

Olaug Hadland, lærar skule

Sigrund Serigstad, tilsett skule/SFO

Pål Pollestad, FAU

Elisabeth Bærheim, FAU

Bent Horpestad, politikar

Kariann F. Leikanger, rektor

Meldt forfall:

Olav Lura, leiar FAU skule

May Lende, lærar skule

Saks-nummer	Saksliste:	Vedtak:
Sak 20/25	Godkjenning innkalling Det var kome nokre kommentarar til innkallinga, som er retta opp i referatet.	Innkalling vart godkjent.
Sak 21/25	Konstituere nytt SU Samansettinga av SU; 2 frå foreldre (FAU), 2 frå undervisningspersonalet, 1 frå andre tilsette, to frå kommunen der den eine er rektor og to elevar. Rektor er saksbehandlar og skriv referat Elevrådet er akkurat valt, men er ikkje konstituert, så vi manglar dei to elevane. Frå neste møte vil elevane vere med første halvtimen av møtet. Det vil då vere saker om trygt skolemiljø og elevrådsarbeidet. SU = Samarbeidsutvalg <ul style="list-style-type: none">• Et organ der elevar, foreldre, tilsette, skuleleiing og kommunen er representert.	Samansettinga av SU vart godkjent

	<ul style="list-style-type: none"> • Skal være et bindeledd mellom skulen og brukarane (elevar/foreldre). • Jobbar med saker som gjelder heile skulen, for eksempel arbeidsmiljø, trivsel, utviklingsplaner og større satsinger. <p>☒ SMU = Skolemiljøutvalg</p> <ul style="list-style-type: none"> • Et utvalg som skal passe på at skolen jobber aktivt, systematisk og kontinuerlig med elevane sitt skolemiljø. • Elevane og foreldrene skal alltid være i fleirtal i SMU. • Tar opp saker som gjelder trivsel, trygghet og læringsmiljø. 	
Sak 22/25	Val av leiar av SU Leiar av SU skal vere ein foreldrerepresentant. Olav Lura er Fau-leiar, så forslaget er at Pål Pollestad vert SU-leiar.	Pål Pollestad vart leiar av SU
Sak 23/25	Oppstart av nytt skuleår; Oppstarten dette skuleåret har vore god. Det er heilt annleis å starte opp når ein kjenner dei fleste elevane, kvarandre som personale og kjenner skulebygget. Vi har mykje rutinar og planar på plass, og ser fram til dette skuleåret.	Saka vart tatt til orientering
Sak 24/25	Politikaren sine minutt Kva rører seg i politikken i Klepp for tida? Jobba med ungdomsundersøkingane Desse viser at ungdommane i Klepp har det ganske bra. Sluttrapportar for Kleppelunden skule og Sporafjell barnehage er gjennomført. Ikkje overskride budsjettet på nokon av dei. Økonomien i kommunen er relativt bra Hjelpeordningar på fritidsaktivitetar, dette må vi framsnakke. Ordning på at kontigent kan dekkast. Ny sak denne veka. Uteområdet på Sporafjell som er større enn tomta dei fekk tildelt.	Saka vart tatt til orientering.
Sak 25/25	Høyring : Skulebruksplan	SU tar stilling til dette spørsmålet.

	<p>(vedlegg)</p> <p>Su hadde nokre kommentarar til revidert skulebruksplan:</p> <p>Politikarane har bedt om kartlegging av uteområda på skulane. Dette er gjennomført. Og SU meiner at tilstandsvurderinga av uteområda burde vore i planen.</p> <p>SU har og fått innspel om å kommentere siste setning under Kleppelunden skule på sida om elevtalsutvikling og skulekapasitet. Dette viser jo at Kleppelunden skule er den einaste skulen som har utfordringar med kapasitet framover. Siste setning: «Endringar på kringsgrenser må vurderast fortløpende.» Kva betyr eigentleg dette? Kva viss kringsgrensene vert flytta, vil det då skje frå neste 1.års trinn, eller vil det få konsekvensar for elevar som allereie går på Kleppelunden skule. Kva vil verte gjort for å ivareta barnets beste i desse vurderingane ?</p> <p>SU lurer og på det som står under prioriteringar 2025-2029, om å vurdere ordninga med fritt skuleval. Kor tid skal dette vurderast og på kva måte ? Kven vil verte inkludert i vurderinga?</p>	
Sak 26/25	<p>Personalsituasjonen</p> <p>Vi har folk i alle stillingane våre. Likevel har vi starta året med 2 færre vaksne på grunn av permisjon og sjukemeldingar.</p> <p>Vi har eit dyktig personale, men ulike kvalifikasjoner og kompetanse.</p> <p>Vi tar inn vikar når vi får tak i det, og elles så omrokkerer vi pluss at avdelingsleiarar går vikar.</p>	Saka vart tatt til orientering.
Sak 27/25	<p>Økonomi</p> <p>Økonomien er stram, Kleppelunden skule har kome skeivt ut i tildelingsmodellen. Delvis på grunn av at det er ein ny skule med elevar frå tre tidlegare skular, og delvis på grunn av at vi har auka i elevtal sidan oppstart. Dette har vorte jamna litt ut i haustjusteringa, men vi reknar med å gå med eit ganske stort meirforbruk dette året likevel. Så satsar vi på at tildelingane for 2026 stemmer betre med behovet vi har. Det er lønn som utgjer meirforbruket, men vi opplever at vi treng dei folka vi har.</p>	Saka vart tatt til orientering.
Sak 28/ 25	<p>Forslag til møteplan: 10.09.25 kl 17.00</p>	Møteplanen vart godkjent.

	<p>27.11.25 kl 18.00 (FAU-møte etterpå)</p> <p>19.03.26 kl 18.00 (FAU-møte etterpå)</p> <p>04.06.26 kl 18.00 (FAU-møte etterpå)</p> <p>Det var kome innspel på møteplanen; ønske om å ha SU etter FAU møta istadenfor før. Dette for å kunne ta vidare saker frå FAU i SU. Vi diskuterte dette og kom til at tidspunktet står som føreslått. Årsakene til det er at det skal vere elevar med på møta, og det vert for seint etter FAU-møta. Vi har og FAU møter kvar månad, så vi kan ta med saker frå desse møta likevel. Om det kjem fleire høyringar SU må svare på, kan tidspunkta for møta likevel verte endre.</p>	
Sak 29/25	<p>Eventuelt Vi hadde ei kort infosak om personvern.</p> <p>Det er oppretta eiga side til SU på heimesida til skulen. Her vert referata lagt ut.</p>	

MVH Kariann F. Leikanger

Rektor Kleppelunden skule

